

**SULDAL KONTROLLUTVAL****INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

**Dato:** torsdag 24. februar 2022  
**Tid:** kl. 10.00  
**Stad:** Suldal kommunehus, kommunestyresalen

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977  
eller på e-post: [post@kontrollutvalgene.no](mailto:post@kontrollutvalgene.no)

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

---

**Kommunedirektøren er invitert i sak 4**

---

**SAKLISTE:**

**01/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 04.11.21**

**02/22 Referat- og orienteringssaker 24.02.22**

**03/22 Plan for orienteringar frå administrasjonen og kommunale selskap**

**04/22 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Styring og kontroll med investeringsprosjekt»**

**05/22 Kontrollutvalet sin årsplan for 2022**

**06/22 Kontrollutvalet si årsmelding 2021**

**Ymse**

Aksdal, 17.02.22

Tormod Skeie (sign.)  
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)  
Revisor (møte- og talerett)  
Kommunedirektør (invitert i sak 4)  
Varamedlem (til orientering)

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 24.02.22 | 01/22      |
|                 |          |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033        |           |

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 04.11.21

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 04.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

**Vedlegg:** protokoll frå kontrollutvalsmøte 04.11.21

### Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 04.11.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 17.02.22

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*

**SULDAL KONTROLLUTVAL****PROTOKOLL**

**Torsdag 4. november 2021** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiar Tormod Skeie.

|                                         |                                                                            |
|-----------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------|
| <b>MØTESTAD:</b>                        | Suldal kommunehus, kommunestyresalen og Teams                              |
| <b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>             | kl. 10.00 – 12.15                                                          |
| <b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>               | Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.) og Henrik Halsne (Ap)        |
| <b>MØTANDE VARAMEDLEMMER:</b>           | 1. vara Dag Fisketjøn (V) deltok på Teams og 2. vara Astrid Brommeland Sp) |
| <b>FORFALL:</b>                         | Ragnhild Sukka (V) og Per Gudmund Øxtra (Sp)                               |
| <b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>         | Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS  |
| <b>FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:</b> | Forvaltningsrevisor Frode Gøthesen                                         |
| <b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>      | Leiar for organisasjon og innbyggarkontakt Turid Vaage i sak 21            |
| <b>ANDRE SOM MØTTE:</b>                 | Ingen                                                                      |
| <b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>        | Ingen                                                                      |
| <b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>          | Ingen                                                                      |

**FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:****SAK 19/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.09.21****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.21 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 04.11.21:**

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21:**

*Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.21 blir godkjent slik han ligg føre.*

**SAK 20/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 04.11.21**

- 32. Statusoversyn pr. november 2021
- 33. «Bekymring» - e-post frå Astrid Kvæstad 12.10.21
- 34. Evaluering av vertskommunesamarbeid om barnevern og PPT – rapport utarbeida av Telemarksforsking i 2021
- 35. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 12.11.21
- 36. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvalgene i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
- 37. FKT-medlemsinformasjon september 2021

**Handsaming i kontrollutvalet 04.11.21:**

Leiar gjorde greie for referatsakene. Tormod Skeie meldte seg på konferansen i Sandnes. Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21:**

*Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 32 – 37 til orientering.*

**SAK 21/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – LEIAR FOR ORGANISJASJON OG INNBYGGARKONTAKT****Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå leiar for organisasjon og innbyggarkontakt Turid Vaage om hennar arbeids og ansvarsområde til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 04.11.21:**

Leiar for organisasjon og innbyggarkontakt Turid Vaage orienterte og viste ein presentasjon. Avdelinga var nyoppretta frå 01.08.21 og omfatta nesten alle merkantile ressursar i kommunen. Ho viste organisasjonskart og gjorde greie for dei ulike arbeidsoppgåvene til avdelinga. Medlemmene fekk svar på spørsmål undervegs.

Leiar takka for ei interessant orientering og ønskte lykke til med arbeidet.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21:**

*Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå leiar for organisasjon og innbyggarkontakt Turid Vaage om hennar arbeids og ansvarsområde til orientering.*

**SAK 22/21 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «PSYKISK HELSEHJELP»****Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 04.11.21:**

Medlemmene var nøgd med tilbakemeldinga frå kommunedirektøren. Utvalet ønskte å bli halden orientert om vidare oppfølging av rapporten og vil be kommunedirektøren om ei munnleg orientering om 12 månader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21 og innstilling til kommunestyret:**

*Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» til orientering.*

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21:**

*Suldal kontrollutval ber kommunedirektøren om ei munnleg orientering om vidare oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» om 12 månader.*

**SAK 23/21 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «KRITISK KOMPETANSE»****Sekretariatet si innstilling:**

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Kritisk kompetanse» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 3 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

**Handsaming i kontrollutvalet 04.11.21:**

Forvaltningsrevisor Frode Gøthesen gjorde greie for rapporten og viste ein presentasjon. Han gjorde greie føremål, problemstillingar og metode. Revisor gjorde vidare greie for hovudfunna i rapporten, kommunedirektøren sin uttale og revisjonen sine tre tilrådingar.

Utvalet ønskte at kommunedirektøren kom med si tilbakemelding innan seks månader.

Leiar takka for ein interessant rapport.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21 og innstilling til kommunestyret:**

1. *Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Kritisk kompetanse» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 3 tilrådingar.*
3. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

## SAK 24/21 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### **Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll av ..... i neste møte.

### **Handsaming i kontrollutvalet 04.11.21:**

Leiar innleia. Han meinte det kunne vere aktuelt å velje «Styring og kontroll med investeringsprosjekt» no, sjølv om det ikkje var neste prosjekt på prioriteringslista. Medlemmene stetta framlegget.

Forvaltningsrevisor noterte seg innspel frå medlemmene og vil utarbeida eit prosjektmandat til neste møte.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21:**

*Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon av «Styring og kontroll med investeringsprosjekt» i neste møte.*

## SAK 25/21 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2022

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2022:

torsdag: 24.02, 28.04, 02.06, 15.09 og 10.11 – kl. 10.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

### **Handsaming i kontrollutvalet 04.11.21:**

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til framlegget.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21:**

*Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2022:*

*torsdag: 24.02, 28.04, 02.06, 15.09 og 10.11 – kl. 10.00.*

*Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.*

## **YMSE**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

### **Neste møte: torsdag 24.02.22, kl. 10.00**

Saker: kontrollutvalet si årsmelding, prosjektmandat om «Styring og kontroll med investeringsprosjekt», ny plan for orienteringar frå administrasjonen eller kommunale selskap.

Sand/Aksdal, 04.11.21

Tormod Skeie  
Leiar

Odd Gunnar Høie  
Kontrollutvalssekretær

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 24.02.22 | 02/22      |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033        |           |

## REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 24.02.22

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 1 – 15 til orientering.

Suldal kontrollutval ber om tilbakemelding frå kommunedirektøren om rutinar for endringar i arbeidskontraktar, interne endringar av stillingar og oppfølging av retningslinjene i arbeidspolitisk plan til møtet 28.04.22. Sekretariatet ønskjer det skriftlege svaret innan 20.04.22. Utvalet ber også om at kommunedirektøren er tilstades og orienterer om saka i møtet.

Suldal kontrollutval går ikkje vidare med Norsk Stein-saka på det noverande tidspunkt.

1. Statusoversyn pr. februar 2022
2. Kst. vedtak 14.12.21, sak 112/21 – rapport «Kritisk kompetanse»
3. Kst. vedtak 14.12.21, sak 113/21 – oppfølging av rapport «Psykisk helsehjelp»
4. Oversyn over kostnadane til kontroll og revisjon 2021
5. Perioderapportering pr. 31.12.21 frå Rogaland Revisjon
6. Kopi av brev vedkomande Norsk Stein, frå Gerd Kristin Høyvik mfl. til Suldal kommune, dagsett 11.11.21
7. «Henvendelse om svikt i kommunal saksbehandling og forsømmelse av retningslinjene for arbeidspolitisk plan» frå Anne Lise Pedersen 16.12.21 – **u.off. jf. forvl. §13, off.l. §13**
8. E-postkorrespondanse mellom Anne Lise Pedersen og kontrollutvalsleiar 16-17.12.21
9. Førebels svar til Anne Lise Pedersen 05.01.22
10. Notat – Norsk Stein frå Agder Kommunerevisjon 10.01.22
11. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 10.12.21
12. NKRFs kontrollutvalgskonferanse 2022 – digital 01.-02.02.22 v/sekretær
13. Invitasjon til FKT-fagkonferanse 8. - 9. juni på Lily Country Club Hotel
14. Statsforvaltaren i Rogaland - Informasjon om statlige tilsyn med kommunane i 2022
15. «Hvorfor trenger vi kontrollutvalg» – artikkel frå NKRF v/Tokle

### Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

### Vedk. pkt. 7-9

Anne Lise Pedersen har i brev dagsett 16.12.21 vendt seg til kontrollutvalet. Sekretariatet sendte eit førebels svar 05.01.22.

Pedersen meiner kommunen har svikta i sakshandsaminga i samanheng med arbeidsforholdet hennar, og at retningslinjene i vedtatt arbeidspolitisk plan ikkje er følgt.

I brevet med vedlegg kjem det fram ein del personlege opplysningar. Sekretariatet meiner difor at brevet skal vera unntatt offentlegheit jf. forvl. § 13 og off.l. § 13.

Utvalet er ikkje eit klageorgan og skal heller ikkje handsama klagesaker. Kontrollutvalet kan ta med seg slike saker vidare eller be om ei orientering frå kommunedirektøren dersom utvalet meiner det er ein indikasjon på at problemstillingane er å rekne som ein av fleire systemfeil.

Utvalet må vurdere om dette er ei sak som høyrer under utvalet sitt mandat, jf. kommuneloven § 23-2.

Sekretariatet meiner at utvalet kan be kommunedirektøren om ei skriftleg tilbakemelding om rutinar for endringar i arbeidskontraktar, interne endringar av stillingar og oppfølging av retningslinjene i arbeidspolitisk plan til neste møtet og at ho deltar i møtet.

#### Vedk. pkt. 10

Suldal kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 13/21 den 14.09.21:

*Kontrollutvalet ber Rogaland Revisjon IKS vurdere om innstillinga i sak 76/21 - Søknad frå Norsk Stein AS, handsama av LMT-utvalet 07.09.21, er i tråd med god forvaltningsskikk.*

Agder Kommunerevisjon har på vegne av Rogaland Revisjon IKS laga eit notat om saka, dagsett 10.01.22. Dei har gjort greie for saksgangen og handsaminga i fleire LMT-utvalsmøter. Heile notatet er lagt ved. Revisor skriv følgjande i ei førebels vurdering:

*Det er dermed kommet flere opplysninger inn i saken etter at kontrollutvalget ba revisjonen om å vurdere innstillingen i sak 76/21. Statsforvalteren har konkludert med at saken ikke var tilstrekkelig opplyst til at det kunne bli fattet et vedtak, og kommunen har omgjort vedtaket i sak 76/21. Videre er det fremmet klager på det siste vedtaket (94/21), og slik revisjonen forstår er saken ikke endelig avgjort.*

*På denne bakgrunn mener revisjonen at det bør avventes med å vurdere om kommunen har fulgt kravene og føringene til god forvaltningsskikk i saken, til saken er endelig avgjort. En mulighet er at det alternativt eller i tillegg bestilles en forvaltningsrevisjon som går nærmere inn på byggesaksbehandlingen generelt i Suldal kommune.*

Utvalet må vurdere om dei ønskjer å gå vidare med saka no, eller følgje revisjonen si tilråding om å vente, for å sjå kva som skjer vidare i saka.

Sekretariatet meiner at utvalet bør avventa den vidare saksgang, og eventuelt kome tilbake til saka på eit seinare tidspunkt.

Aksdal, 17.02.22

Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær





### Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

| Forvaltningsrevisjonar                       | Bestilt  | Tidsbruk  | Status                    | Ferdig dato | Merknader |
|----------------------------------------------|----------|-----------|---------------------------|-------------|-----------|
| Styring og kontroll med investeringsprosjekt | 24.02.22 | 200 timar | Prosjekt-mandat er ferdig | Hausen 2022 |           |
| <b>Andre saker</b>                           |          |           |                           |             |           |
| Norsk Stein – vegsak                         | 14.09.21 |           | Notat frå revisor         | 24.02.22    |           |

### Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

| Forvaltningsrevisjonar                                | Bestilt  | Handsama i KU | Handsama i KST | Planlagt oppfølging                     | Merknader |
|-------------------------------------------------------|----------|---------------|----------------|-----------------------------------------|-----------|
| Kritisk kompetanse                                    | 11.02.21 | 04.11.21      | 14.12.21       | 15.09.22                                |           |
| Psykisk helsehjelp                                    | 17.09.20 | 11.02.21      | 23.03.21       | 04.11.21/<br>KST14.12.21<br>+ Nov. 2022 |           |
| Plan for forvaltnings-revisjon og eigarskaps-kontroll | 21.11.19 | 11.06.20      | 22.09.20       |                                         |           |

### Avslutta prosjekt

| Forvaltningsrevisjonar                    | Bestilt  | Handsama i KU | Handsama i KST | Følgd opp i KU/KST    | Merknader |
|-------------------------------------------|----------|---------------|----------------|-----------------------|-----------|
| Eigarskapsforvaltning                     | 08.11.18 | 06.06.19      | 05.09.19       | 17.09.20/<br>15.12.20 | Avslutta  |
| Risiko- og vesentleg-vurderingar          | 21.11.19 | 25.05.20      | 22.09.20       |                       |           |
| Klima og energiplan                       | 14.02.19 | 05.09.19      | 24.09.19       | 11.06.20/<br>22.09.20 | Avslutta  |
| Oppfølging av politiske vedtak            | 09.11.17 | 06.09.18      | 18.09.18       | 06.06.19/<br>05.09.19 | Avslutta  |
| Forenkling, forbetring og effektivisering | 25.04.17 | 26.04.18      | 15.05.18       | 14.02.19/<br>19.03.19 | Avslutta  |

**Orienteringar**

|                                                   | <b>Bestilt</b> | <b>Møtedato</b> |
|---------------------------------------------------|----------------|-----------------|
| Orientering frå rådmannen                         | 25.05.20       | 11.06.20        |
| Orientering om utvikling,<br>plan og teknisk      | 25.05.20       | 17.09.20        |
| Orientering om helse og<br>omsorg                 | 25.05.20       | 12.11.20        |
| Orientering –<br>kommunekasserer                  | 25.05.20       | 11.02.21        |
| Orientering - personalsjef                        | 25.05.20       | 29.04.21        |
| Orientering – oppvekst                            | 25.05.20       | 14.09.21        |
| Orientering - organisasjon<br>og innbyggarkontakt | 25.05.20       | 04.11.21        |

**112/21: Forvaltningsrevisjonsrapport - "Kritisk kompetanse"****Kontrollutvalet si innstilling**

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Kritisk kompetanse» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 3 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

**14.12.2021 Kommunestyret**

Handsaming:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

**K- 112/21 Vedtak:**

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Kritisk kompetanse» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 3 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Turid Vaage   | K1-026 | 04/2319    |

| Saksnr | Utval         | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 113/21 | Kommunestyret | PS   | 14.12.2021 |

### Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport - "Psykisk helsehjelp"

#### Kontrollutvalet si innstilling

*Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» til orientering.*

Sand, 20.12.2021

Karin Dokken Austvik  
Kommunedirektør

**Vedlegg:**

Psykisk helsehjelp i Suldal kommune(943466) (L)(951752)

Brev vedr. Oppfølging av forvaltningsrapporten Psykisk helsehjelp(945762) (L)(951769)

**Saksopplysningar****Bakgrunn**

Kommunestyret vedtok i møtet 23.03.21, sak 21/21 følgjande:

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Psykisk helsehjelp» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine sju tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

**Revisjonen hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar:**

1. styrke den psykiske helsetenesta retta mot barn og unge og styrke arbeidet med tidleg innsats
  - o Kommunen bør vurdere å involvere yngre brukarar/brukarrepresentantar i dette arbeidet
2. sikre eit betre og meir systematisk samarbeid mellom relevante aktørar innan psykisk helse og rus
3. vurdere organiseringa av psykiske helsetenester og rusverntenester
4. sikra ein struktur og ei styring som gir eit felles grunnlag for heilskapleg tenking rundt psykisk helsearbeid og rus.
  - o Her bør ein ta utgangspunkt i eksisterande utfordringar i kommunen og gi føringar for kva område eller tiltak som skal utviklast vidare. Dette kan gjerast i form av ein plan eller eit anna styringsdokument.
5. sikre at samtaletilbodet innan Psykisk helse er endringsretta og tidsavgrensa, i retning av auka livskvalitet eller bedra psykisk helse, for å sikre ein betre ressursutnytting
6. etablere faste samarbeidsmøte med Mental helse Suldal
7. vurdere gruppetilboda på Loftet i tråd med tilbakemeldingar frå brukarane, herunder:
  - o sjå nærare på kva ein kan gjera for å skape eit tilbod som også inkluderer jenter i

ungdomsgruppa på Loftet

o mogligheita for å reetablera eit lågterskel tilbod for rusmisbrukarar

### **Oppfølging/tilbakemelding**

Vedlagt saka er kommunedirektøren si tilbakemelding som er dagsett 07.10.21. Kommunedirektøren har laga eit saksframlegg som allereie er handsama i Eldrerådet, Levekårsutvalet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet.

Saka var satt opp på sakskartet til kommunestyret 21.09.21, utan å ha vore handsama i kontrollutvalet. Sekretariatet gjorde ordførar og administrasjonen merksam på at dette var ei sak som kontrollutvalet skal handsame, og det er kontrollutvalet som skal kome med innstilling til kommunestyret. Saka blei utsatt av kommunestyret i møtet 21.09.21.

### Tilbakemelding

Kommunedirektøren skriv følgjande i samandraget:

*Denne saka vert sendt til politisk handsaming som del av oppfølginga av revisjonsrapporten Rogaland Revisjon laga om psykiske helsetenester i Suldal kommune. Saka tek føre seg dei ulike momenta i revisjonsrapporten og det blir skildra både fordeler og ulemper med ulik organisering av det framtidige tenestetilbodet. Felles for dei ulike alternativa, er målet om å lage gode tenester for både barn og vaksne.*

*Kommunedirektøren har sikra brei involvering i arbeidet med å følgje opp forvaltningsrapporten. God kvalitet og heilskap i tenestene til brukarane har vore rettesnor i arbeidet.*

*Det er mykje som fungerer bra og kommunedirektøren har vore i tvil om endringane som blir tilrådde er rett for organisasjonen, samstundes ser kommunedirektøren at tenesta kan bli betre og at brukarane vil kunne oppleve tenestene meir opne og tilgjengelege.*

*Det skal vera låg terskel for å søke hjelp hjå psykisk helse. Opplevinga for mange er truleg at det er lettare å ta kontakt på helsestasjon kontra psykisk helse. Dette kan ha noko med namnet «psykisk helse» å gjera.*

Kommunedirektøren skriv vidare at det er punkt 1. – 4. som blir belyst i tilbakemeldinga. Arbeidet

med punkt 5. – 7. er allerede starta opp.

### 1. Styrka den psykiske helsetenesta retta mot born og unge

Forvaltningsrapporten viser til at tenestene vaksne innbyggjarar er gode, men at kommunen nyttar for lite ressursar til barn og unge. Kommunedirektøren har i oppfølginga av dette punktet sett på moglegheitene for å styrka tilbodet til barn og unge ved å søkja om midlar til LOS-funksjon. Dette er ei stilling finansiert av Bufdir og oppdraget i stillinga er å følgja opp barn og unge som har utfordringar med å kome på skulen. LOS-funksjonen skal mellom anna gi tett oppfølging i heimen.

Kommunedirektøren ser føre seg at barne- og familieteamet i første omgang vil bli styrka gjennom flytting av stillingsressursar internt i organisasjonen. Dette arbeidet har ein starta på. Når det gjeld kommunepsykologstillinga er det funne interne midlar for å auka stillinga til 100%. Stillinga er per no vakant og vil bli lyst ut i løpet av september. Arbeidsgruppa har ikkje hatt dette punktet i sitt mandat.

Når det gjeld involvering av yngre brukarar er det viktig å nå dei unge på deira arena, til dømes informasjon og plakatar på skular og i sosiale media etc. Brukarrepresentantane viser til at dei ikkje vil vera noko «alibi» eller vera til «pynt», dei ønskjer å bli nytta. Ein må høyra på kva erfaringar dei har og deira viktige innspel. Kommunedirektøren ønskjer å følgja opp dette og sikra at ein finn ein yngre brukarrepresentant ein har faste møter med, gjerne i lag med ungdomsrådet.

**Konklusjon:** Kommunedirektøren tilrår at barne- og familieteamet blir styrka både ved tilførsel av eksisterande stillingsressursar - som blir flytta over til teamet, og/eller gjennom friske midlar som ein vil koma tilbake til i budsjettprosessen.

### 2. Organisering

I dette punktet blir både tilråding nr. 2, 3, 4 omtalt.

Forvaltningsrevisjonsrapporten tilrår at det blir ei samlokalisering for alt arbeid innan psykisk helse og rus. Suldal kommune har i fleire år vald å leggja psykisk helsetilbod til barn og unge ved helsestasjonen. Bakgrunnen for dette har vore at det kan opplevast lettare å ta kontakt med helsestasjonen enn psykisk helse.

Suldal kommune har sett behovet for eit barne- og familieteam som kan jobba tett på både skule/barnehage og heim. Kommunedirektøren har av ulike grunnar hatt utfordringar med å få teamet operativt. Ei av årsakene er at det har mangla faglege rettleiingsressursar ved helsestasjon grunna vakant stilling som leiande helsesjukepleiar. Det er fatta politisk vedtak på at teamet skal vera oppe å gå innan 2.kvartal 2021 og kommunedirektøren er no i slutfasen av

arbeidet. Kommunepsykolog skal vera ein del av teamet og teamet har til nå vore planlagt som ein del av helsestasjonen.

Arbeidsgruppa har skissert ei mogleg løysing ved at ein framleis har teamet organisert ved helsestasjonen. I det oppsettet skal det vera fagleiing frå psykisk helse der også psykologen skal vera tilsett. Dersom barne- og familieteam skal vera samansett av tilsette frå ulike einingar vil spørsmål om teieplikt og samtykke koma opp som ei utfordring, grunna ulikt lovverk og ulike organisering.

Tverrfaglege team på tvers av ulike einingar er ikkje ei juridiske eining med eigne reglar. Dersom ein skal dela opplysningar i eit slik team må samtykke frå brukarane liggja til grunn for å kunna oppheva teieplikta.

Suldal kommune har hatt rus-konsulent tilsett ved Nav Suldal over mange år. Brukarundersøkingar har over tid vist til gode resultat og nøgde brukarar. Samstundes ser kommunedirektøren at det kan bli for lite fokus på barn og unge i familiar med rusproblematikk. Dette er også noko som er nemnt frå barnevernstenesta.

**Konklusjon:** Kommunedirektøren tilrår at psykisk helse, kommunepsykolog, barne- og familieteamet og ruskonsulenten blir organisert under same eining – i tråd med tilrådingane frå Rogaland Revisjon. Denne måten vil gi ei meir heilskapleg teneste, og med ei dør inn.

### 3. Vegen vidare; Saman om «laget rundt barnet»

Både helse og oppvekst jobbar tett med og kring barn og unge. Kommunedirektøren ser likevel at det er eit forbettringspotensialet når det gjeld tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorane. Suldal kommune er ein BTI (betre tverrfagleg innsats) - kommune og BTI er ein arbeidsform og eit verktøy som legg til rette for felles forståing og samarbeid på tvers av einingane. BTI-arbeidet er ein del av den ordinære drifta og kommunedirektøren legg stor vekt på at BTI arbeidet skal halda fram med stort fokus.

**Konklusjon:** Kommunedirektøren tilrår at BTI også i åra som kjem skal vera den arbeidsmetodikken som blir nytta av tilsette når dei er uroa for eit barn, unge og gravide. Det står att noko på å implementera BTI som metodikk på dei ulike einingane i kommunen. Kommunedirektøren vil følgja opp at dette er eit implementerings arbeid som blir prioritert.

### Økonomiske konsekvensar

Dei tiltaka som gjeld omorganisering og interne flyttingar vil ikkje få økonomiske konsekvensar. Eventuell tilføring av friske midlar til barne- og familieteamet vil bli lagt fram i budsjettarbeidet og rullert i samband med økonomiplanen.



### Folkehelse

*Gode oppvekstvilkår for alle barn og unge samt gode oppfølgingsløp for barn og unge som har utfordringar er svært viktig. Kjem ein tidleg på banen og får gitt tidleg og tverrfagleg innsats, er det større føresetnader for god folkehelse også i vaksen alder.*

Vedtaka frå handsaminga i Eldrerådet, Levekårsutvalet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet er påført vedlagde sakspapir.

#### **Sekretariatet sine kommentarar:**

I følgje kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunedirektøren følgjer opp rapportar. Dette skal sikre at kontroll og tilsyn får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal gje rapport til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er kommunedirektøren sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synes ikkje være aktuelt i denne saka. Tilbakemeldinga frå kommunedirektøren viser at tilrådingane er følgt opp, forbetringstiltak er sett i verk og det er lagt planar for vidare oppfølging.

#### **SAK 22/21 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT**

##### **«PSYKISK HELSEHJELP»**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» til orientering.

#### **Handsaming i kontrollutvalet 04.11.21:**

Medlemmene var nøgd med tilbakemeldinga frå kommunedirektøren. Utvalet ønskte å bli halden orientert om vidare oppfølging av rapporten og vil be kommunedirektøren om ei munnleg orientering om 12 månader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21 og innstilling til kommunestyret:**

Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» til orientering.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.11.21:**

Suldal kontrollutval ber kommunedirektøren om ei munnleg orientering om vidare oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» om 12 månader.

**14.12.2021 Kommunestyret****Handsaming:**

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

**K- 113/21 Vedtak:**

*Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» til orientering.*

| <b>Ansvar</b>              | <b>Teneste</b>                    | <b>Konto</b> |
|----------------------------|-----------------------------------|--------------|
| <b>1000 Politisk organ</b> | <b>11010 Kontroll og revisjon</b> |              |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 108000       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 108003       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 109900       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 110030       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 111510       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 114000       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 115001       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 116000       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 119570       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 138000       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 142900       |
| 1000 Politisk organ        | 11010 Kontroll og revisjon        | 172900       |

|                                                   | <b>Budsjett inkl. endring</b> | <b>Regnskap</b>     | <b>Avvik i NOK</b> |
|---------------------------------------------------|-------------------------------|---------------------|--------------------|
|                                                   | <b>1 265 836,00</b>           | <b>1 022 061,68</b> | <b>243 774,32</b>  |
| Godtgjersle til politikarar                       | 120 514,00                    | 59 780,00           | 60 734,00          |
| Tapt arbeidsforteneste                            | 2 848,00                      | 0,00                | 2 848,00           |
| Arbeidsgiveravgift                                | 12 774,00                     | 6 336,68            | 6 437,32           |
| Abonnement/tidsskrift/kjøp av bøker               | 0,00                          | 27 925,00           | -27 925,00         |
| Kommunal bevertning/kaffi/jobbfrukt               | 5 000,00                      | 3 150,00            | 1 850,00           |
| Annonse, reklame, informasjon                     | 2 000,00                      | 0,00                | 2 000,00           |
| Kursavgifter                                      | 60 000,00                     | 950,00              | 59 050,00          |
| Utgifter og godtgj.reiser, diett, bil m.v. som er | 15 000,00                     | 0,00                | 15 000,00          |
| Kontingentar og årsgebyr                          | 3 500,00                      | 0,00                | 3 500,00           |
| Konserninternt kjøp                               | 1 044 200,00                  | 923 920,00          | 120 280,00         |
| Moms generell kompensasjonsordning                | 500,00                        | 189 680,00          | -189 180,00        |
| Refusjon moms påløpt i driftsrekneskapen          | -500,00                       | -189 680,00         | 189 180,00         |

**SULDAL KOMMUNE**

Perioderapportering 31.12.2021



| Kunde                     | Måned        |              |           |            |              |             |           |              |           |              |             |             | Tot. timer    | Tot. sum<br>eks mva |
|---------------------------|--------------|--------------|-----------|------------|--------------|-------------|-----------|--------------|-----------|--------------|-------------|-------------|---------------|---------------------|
|                           | 1            | 2            | 3         | 4          | 5            | 6           | 7         | 8            | 9         | 10           | 11          | 12          |               |                     |
| Regnskapsrevisjon         | 27           | 3,5          | 37,25     | 91         | 27           | 2           | 10        | 9,75         | 37,5      | 14,25        | 14,5        | 18          | 291,75        | 280 080             |
| Bekreftelse/attestasjoner | 4,25         | 23,75        | 12,75     | 13,5       | 6            | 5,5         |           | 4,5          | 0,75      | 5,5          |             | 8           | 84,50         | 81 120              |
| Kontrollutvalg            |              | 10           |           | 7          |              |             | 1,5       |              | 19        |              | 8           |             | 45,50         | 43 680              |
| Rådgivning                | 2            | 6            | 1         | 0,5        | 2,5          | 1,5         | 6         | 27,5         | 2,25      |              | 3           | 16          | 68,25         | 65 520              |
| Forvaltningsrevisjon      | 57,5         | 53,5         | 40        |            | 28,25        | 29,5        | 47,5      | 15           | 20,5      | 6            | 8           | 1,83        | 307,58        | 295 277             |
| <b>Total sum</b>          | <b>90,75</b> | <b>96,75</b> | <b>91</b> | <b>112</b> | <b>63,75</b> | <b>38,5</b> | <b>65</b> | <b>56,75</b> | <b>80</b> | <b>25,75</b> | <b>33,5</b> | <b>43,8</b> | <b>797,58</b> | <b>765 677</b>      |

| SULDAL        | FR    | RR    | ATT   | KU   | RÅD  | TOTALT | SUM     |
|---------------|-------|-------|-------|------|------|--------|---------|
| <b>B 2020</b> | 400,0 | 250,0 | 190,0 | 50,0 |      | 890,0  | 854 400 |
| <b>R 2020</b> | 432,0 | 353,8 | 120,5 | 28,0 |      | 934,3  | 896 928 |
| <b>B 2021</b> | 400,0 | 250,0 | 190,0 | 50,0 |      | 890,0  | 854 400 |
| <b>R 2021</b> | 307,6 | 291,8 | 84,5  | 45,5 | 68,3 | 797,6  | 765 677 |
| <b>B 2022</b> | 400,0 | 250,0 | 190,0 | 50,0 |      | 890,0  | 943 400 |

**Budsjett 2022:**

Budsjett fra tidligere år er videreført. Timeprisen økes med kr 100,- for 2022 slik at timepris blir kr 1 060,- + mva for kommuner og kr 1 115,- + mva for andre.

**Forbruk 2021:**

I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2020 gjennomført og planlegging/interimsrevisjonen for 2021 tilnærmet ferdigstilt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for seks terminer og ulike særattestasjoner som bl.a. tilskudd til ressurskrevende brukere. Forenklet etterlevelseskontroll for 2020 er gjennomført og presentert for kontrollutvalget sammen med presentasjon av regnskapsrevisjonen. Koronapandemi med utstrakt bruk av hjemmekontor mv har vanskeliggjort noe av arbeidet, men konstruktivt samarbeid med kommunen har likevel medført at regnskapsavleggelse har gått som planlagt. Av forvaltningsrevisjon er et prosjekt om Psykisk helsehjelp og et prosjekt om Kritisk kompetanse levert.

Suldal kommune  
Postmottak Eidsvegen 7  
4230 Sand

Høyvik 11.november 2021

## **Uro for at Norsk Stein har drive anleggsarbeid utanfor driftsona og buffersona i Ytre Høyvik**

For oss ser det ut som at Norsk Stein har drive anleggsarbeid og bygd veg utanfor både driftsområdet og buffersona i Ytre Høyvik. Grensene mellom driftsona og buffersona er også uklare og området er ikkje sikra med gjerde. Det heng ein plakat, men der har budskapen blitt vaska bort av vær og vind.

Me veit at arbeidet har blitt utført vinteren 2021. Hausten 2020 kunne jegerane liggja på post i LNF-området i Ytre Høyvik. Hausten 2021 var det uråd; Norsk Stein har drive sprengingsarbeid. Mars 2021 blei det også observert uvanlege mengder slam i sjøen ved osen til bekken i Ytre Høyvik. (Sjå karta og bileta under med forklaringar.)

I samband med at det kom fram at Norsk Stein hadde bygd vegar som ikkje var omsøkte i Straumberget og i skogane i Høyvik, blei det lagt merke til at det blei lagt mold over den nedre delen av «nyvegen» i Ytre Høyvik.

Me kjenner ikkje til om vegarbeidet i Ytre Høyvik er omsøkt separat. Difor legg me ved fotobevis som syner kva me har sett og ser. (Markeringa av vegane er gjort etter augnemål.) Me ber Suldal kommune og Statsforvaltaren i Rogaland ta stilling til om arbeidet er lovleg og at dei reagerer adekvat. Dette må sjåast i samanheng med dei andre vegane som Norsk Stein har bygd utan å søkja. Me må igjen minna om at naturen og menneska i vår del av Suldal kommune er under hardt press. Plan- og bygningslova er lova som skal hegna om naturen og miljøretten til oss menneske.

Med helsing

Gerd Kristin Høivik  
Audun Hauge  
Bjørn - Arild Andersen  
Bernt Jarle Vatland  
Morten Jørgensen  
Nora Haaland Serigstad  
Emil Risvold  
Anna Bø  
Kristin Berg Haakonsen  
Bjørn Andersen  
Thor - Arne Andersen  
Odd - Egil Tunesvik  
Anne May Tunesvik  
Anne Elise Olsen  
Kjersti Tollefsen  
Gørill Nyvoll  
Vivja Mimmi Nyvoll

Rolf Ole Vassbø  
Marianne Vassbø  
Marianne Reitan  
Ioan Hreniuc  
Hildegunn Jørgensen  
Simen Bie Malde  
Katrine Hansen  
Andreas Andersen  
Tom R. Henriksen  
Asgaut Skeie  
Brith Skeie  
Helge Nesse  
Grethe Mæle  
Jan Ole Mæle  
Trond Vatnaland  
Gunn Voll  
John Voll

Ole Hetland  
Ann Helen Ottøy  
Roy Duås  
Hege Duås  
Kine Henriksen  
Ellinor Svela  
Haakon Haakonsen  
May Jorunn Vatnaland  
Karin Dalva  
Terje Todnem  
Ingeborg Todnem  
Alf- Kristian Aune  
Ole Bernt Stangeland  
Inger Marie Stangeland  
Anne - Lene Moen  
Sveinung Moen  
Ellen Kleppa Lütcherath


Karl Tore Grindhaug  
Alicia Alejandra Grindhaug  
Rune Nødland  
Mette Nødland  
Arne Markhus  
Elin Haugeberg  
Rolf Haugeberg  
Ragnar Lütcherath  
Oddny K.Ytreland  
Svein A. Ytreland  
Ulf Tollefsen  
Hans Åge Aandahl  
Bonolo Ramphomane-  
Aandahl  
Geir Gabrielsen  
May Torhild Mæland

Kopi til Statsforvaltaren i Rogaland

Her er kartet som syner brotet og Ytre Høyvik: Området markert med raudt syner kva område fotografia under er frå




Rogaland Revisjon IKS vil gjennomføra prosjektet i løpet av våren, for venteleg å levera rapport hausten 2022. Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på ca. 200 timar. Det er lagt inn eit budsjett for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar på inntil 400 timar i 2022.

Kontrollutvalet må ved tinging vurdere om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet. Utvalet kan komme med egne innspel eller presiseringar i møtet.

Aksdal, 17.02.22

Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



## PROSJEKTMANDAT


# Styring og kontroll med investeringsprosjekt

## Suldal kommune, 2022

### BAKGRUNN

I møte 04.11.2021 bad kontrollutvalet i Suldal kommune Rogaland Revisjon leggje fram eit utkast til prosjektmandat for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om Styring og kontroll med investeringsprosjekt (sak 24/21).

Investeringsprosjekt blir gjerne inndelte i ein tidlegfase (behovsvurdering og planlegging) og ein gjennomføringsfase (detaljplanlegging, utbygging og overlevering). Etter overlevering er prosjektet over i ein driftsfase. I tidlegfasen blir premissane lagde for prosjektet, og det er i denne fasen dei folkevalde gjer vedtak om finansiering og gjennomføring av prosjektet. Tradisjonelt har det vore mest fokus på gjennomføringsfasen, men grunnlaget for eit vellykka prosjekt blir ofte lagt i prosjektets tidlegfase. Ein generell prosjektmodell kan illustrerast slik:



Styring siktar til den finansierende parten, ofte omtalt som prosjekteigar, som sikrar at dei rette prosjekta blir valde. Styringa inneber også å sette rammene for det som skal gjerast, og sikre at gjennomførande part har nødvendig kompetanse, kapasitet og fleksibilitet. Det betyr å unngå kostnadsoverskriddingar, forseinkingar, ansvarsfraskriving og skjulte dagsordenar, og manglande kontraktsoppfølging og kvalitetssikring i planlegging og gjennomføring.

I kommunestyret 14.12.2021 ble det gjort følgjande utgreiing for investeringar (Sak 109/21<sup>1</sup>):

«Det er i 2021 budsjettert (inkl. budsjettendringar) med bruk av lån til investeringar på 91,890 millionar kr., av desse vil ein i 2021 nytta 52,446 millionar kr. (resten vert utbrukte

<sup>1</sup> [https://innsyn.onacos.no/suldal/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2020033703&](https://innsyn.onacos.no/suldal/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2020033703&)

*lånemidlar). I tillegg er det budsjettert med 23,213 millionar kr. i momskompensasjon, av desse vil ein i 2021 nytta 15,777 millionar kr. Det er også budsjettert med 29,582 millionar kr. i overføring frå drift til investering (konsesjonsavgifter) av desse vil ein i 2021 nytta 22,282. Dette skuldast at fleire av prosjekta har drege ut i tid slik at ein ikkje har behov for heile finansieringa i 2021.»*

Ifølge kommunens årsmelding 2020 har kommunen et stort etterslep på gjennomføring av investeringar som skuldast planprosessar som tar tid, og høgt ambisjonsnivå i økonomiplanen.

Ifølge plan for forvaltningsrevisjon 2021-2024 er Utvikling, plan og teknisk aktuelle tenestekområde for denne forvaltningsrevisjonen. I risiko- og vesentlighetsvurderinga blir Suldal Bad utpekt som aktuelt case for forvaltningsrevisjon.<sup>2</sup>

Rogaland Revisjon gjennomførte i 2013 forvaltningsrevisjonen av styring av byggeprosjekt.<sup>3</sup> I denne blei det gjort følgjande tilrådingar til kommunen:

- Kommunen bør dokumentere vurdering og val av entrepriseform.
- Kommunen bør setje klarare reglar for når ein budsjettoverskriding skal rapporterast straks og til kven.
- Kommunen bør redusere etterslepet på sluttregneskapar
- Kommunen bør utarbeide ein eigen sluttrapport når det har vore vesentlege budsjettoverskridingar eller andre vesentlege avvik i eit byggeprosjekt.

## OPPDRAGET

Revisjonen inneber ein generell undersøking av kapasiteten, kompetansen og rutinane til kommunen for styring av investeringar, og ein case-gjennomgang av Suldal Bad.

Suldal Bad er ein av dei større investeringane. Sjølv bygginga starta i oktober 2016, med ein berekna byggeperiode på 21 månader, til ein anslått kostnad på 104 millionar kroner, Gjennomføringa av dette byggeprosjektet har vore krevjande, noko som og har resultert i at ferdigstillinga har dratt ut i tid og kostnadar har auka.

Forutan revisjon av Suldal Bad, vil me laga ei kortfatta oversikt over status i større investeringsprosjekt i Suldal kommune.

<sup>2</sup> [Innkalling-saksliste-250520-1.pdf \(kontrollutvalgene.no\)](#)

<sup>3</sup> [Rapport-Styring-av-byggeprosjekt1.pdf \(kontrollutvalgene.no\)](#)

|                                                                                                                                                                                                         |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p><u>Bestilling:</u><br/>Kontrollutvalet i Suldal kommune vedtok den 04.11.2021 å bestilla ein forvaltningsrevisjon om Styring og kontroll med investeringsprosjekt.</p>                               | <p><u>Problemstillingar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• I kva grad har kommunen system, kapasitet og kompetanse til å gjera nødvendige analysar i tidlegfasen/planleggingsfasen?</li> <li>• Har kommunen tilfredsstillande rutinar for å sikre styring med investeringar?</li> <li>• Er investeringsprosjektet planlagt, styrt og gjennomført på ein tilfredsstillande måte?</li> </ul> |
| <p><u>Formål:</u><br/>Formålet med prosjektet er å undersøke om Suldal kommune har eit tilfredsstillande system for styring av investeringsprosjekt, og å bidra med læring for framtidige prosjekt.</p> |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |

Viss datamaterialet tilseier det, kan revisor gjere mindre justeringar av problemstillingane undervegs. Større endringar i problemstillingane må avklarast med kontrollutvalet.

## REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventingar, og vil brukast til å vurdere funna i dei undersøkingane som vert gjennomført. Kriteria skal grunngjevast i, eller utleia av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. I dette prosjektet kan følgjande kjelder vere aktuelle:

- Kommunelova § 13-1: «*Kommunedirektøren skal påse at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet. Utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak.*»
- Kommunal- og regionaldepartementet (KMD) 2011. Veileder - Budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet
- NTNU 2015. Concept-rapport nr. 45. Kommunale investeringsprosjekter. Prosjektmodeller og krav til beslutningsgrunnlag.
- Digitaliseringsdirektoratet. Prosjektveiviseren.<sup>4</sup>
- ISO-standard 10006:2017 Kvalitetsledelse – Retningslinjer for kvalitetsledelse i prosjekter
- NS-ISO 21500:2012 Veiledning i prosjektledelse
- Kommunens økonomiplan og årsbudsjett

<sup>4</sup> [Digitaliseringsdirektoratet | \(prosjektveiviseren.no\)](https://prosjektveiviseren.no)

## **METODE**

Me vil svare på problemstillingane ved bruk av følgjande metodar:

- Dokumentanalyse av kommunale planer, rutinar og regelverk
- Intervju med aktuelle personar i kommunen
- Case-gjennomgang av Suldal Bad.

## **OMFANG**

Prosjektet vert utarbeida under leiing av fagansvarleg for forvaltningsrevisjon. Det vert lagt opp til eit tett samarbeid med representantar for kommunen. Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analysar og rapportering er ca. 200 timar.

| SAKSGANG        |          |        |
|-----------------|----------|--------|
| Utval           | Møtedato | Saksnr |
| Kontrollutvalet | 24.02.22 | 05/22  |
| Kommunestyret   |          |        |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033        |           |

## KONTROLLUTVALET SIN ÅRSPLAN FOR 2022

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval godkjenner årsplan for 2022 (med evt. endringar/tillegg).

### Vedlegg: Årsplan for 2022

#### Saksorientering

Sekretariatet har tidlegare år ikkje utarbeida ein årsplan for utvalet. Årsplanen er ikkje ein lovpålagt plan, men er tenkt som eit styringsverktøy for utvalet. Årsplanen er ein overordna plan som dekker faste og førebels kjente aktivitetar til kontrollutvalet i året som kjem.

Den gjer ei kort oversyn over sakshandsaminga i utvalet og kva oppgåver som kontrollutvalet kjenner til at det vil bli arbeida med i året som kommer. Dersom det blir naudsynt å flytte på saker på grunn av revisor si kapasitet eller at kontrollutvalet ser trong til å gripe fatt i andre saker som oppstår undervegs i året vil kontrollutvalet kunne gjere det. Denne type endringar er delegert kontrollutvalet frå kommunestyret når det gjeld forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Eventuelle endringar/tillegg i planen som måtte komme i forbindelse med kontrollutvalet si handsaming vil bli innarbeida i etterkant.

Om vedtatt årsplan skal leggjast fram for kommunestyret til orientering, får utvalet evt. ta stilling til. Sekretariatet er av den meining at utvalet si årsmelding også inneheld mykje av det same som er omtalt i årsplan, slik at vi finn det ikkje naudsynt å leggje fram bae to sakene for kommunestyret i same møte, og legg dermed ikkje fram innstilling om det.

Aksdal, 17.02.22

Odd Gunnar Høie  
 Seniorrådgjevar/utvalssekretær

# Suldal kontrollutval

## Årsplan 2022

### 1. Innleiing

Det er kommunestyret har det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i Suldal kommune. Kommuneleva § 23-1 pålegg kommunestyret å velje eit kontrollutval som på deira vegne skal ha ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen. Kontrollutvalet rapporterer derfor direkte til kommunestyret.

Årsplanen for 2022 gjer ei kort oversikt over korleis kontroll og tilsyn frå kontrollutvalets side fungerer. Den viser også venta aktivitet for kontrollutvalet i året som kjem.

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp det meste knytte til kommunens verksemd. Det gjeld utan hinder av teieplikt så sant det dreier som ei kontroll- og tilsynssak. Det er likevel to viktige avgrensingar:

1. kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar,
2. kontrollutvalet har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret.

Kontrollutvalet utfører i hovudsak sitt tilsyn med administrasjonen gjennom tilgang til forvaltninga sine dokument, samtalar med administrasjonen (kommunedirektøren) og forvaltningsrevisjon /ev. andre undersøkingar som vert bestilt frå revisor.

### 2. Mål for kontrollutvalet i Suldal

Kontrollutvalets mål er å sjå til at kommunen følgjer lover og reglar og rettar seg etter politiske vedtak. I tillegg er kontrollutvalets mål å sjå til at verksemda er målretta, effektiv og i tråd med vedtekne etiske normer.

### 3. Sakshandsaminga i kontrollutvalet

Kontrollutvalet sine møte er på tinghuset, og er opne for alle. Innkalling og protokoll blir lagt ut på sekretariatet sine heimesider. Det skal også være link til desse på kommunens heimesider. Innkalling og protokoll blir også sendt til ordførar og rådmann. Kontrollutvalet vedtar sin møteplan for kommande år kvar haust. Kontrollutvalet har fastlagt møteplan for heile året, og har for 2022 planlagt 5 møter. Møteplanen er også lagt ut på sekretariatet sine nettsider [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)

For å sikre at kontrollutvalet er uavhengig både av kommuneadministrasjonen og av revisor, skal kontrollutvalet i tråd med kommunelova § 23-7 ha ein eigen administrasjon/sekretariat. Dette blir ivaretatt gjennom kjøp av tenester frå Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

Sekretariatet har ansvar for at kontrollutvalet sine saker er forsvarleg utgreia og at utvalet sine vedtak blir sett i verk. Medlemmene vert innkalla til møte av kontrollutvalssekretariatet i samarbeid med utvalsleiar.

## 4. Kontrollutvalet sine oppgaver

Kontrollutvalet bør ha fokus på systemkontroll. Kontrollutvalet har ikkje høve til å fatte vedtak som endrar eit enkeltvedtak, sjølv om utvalet sine undersøkingar skulle vise at ein sak ikkje er korrekt handsama. Dette må evt. bli gjort av kommunestyret etter innstilling frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalets oppgåve er å undersøke hendingar som kan indikere svikt i den kommunale sakshandsaminga, eller at kommunen ikkje følger dei lover og retningslinjer den er underlagt eller ikkje rettar seg etter vedtak i kommunestyret.

### 4.1 Kommunens regnskap, budsjett og internkontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapen blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal derfor mellom anna halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med dei føresegn som følgjer av loven og av god kommunal revisjonsskikk. Kontrollutvalet skal også følgja opp eventuelle merknader og påpeikingar frå revisor. Dette gjer kontrollutvalet i hovudsak gjennom orienteringar frå revisor kvar haust om planlagt revisjon i komande år, samt orientering om rekneskapen om våren.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om kommunen sitt årsrekneskap og årsmelding før formannskapet gjer si innstilling til kommunestyret. Denne uttalen skal være kjent for formannskapet før det gjer innstilling til kommunestyret om årsregnskapet.

Kontrollutvalets tilsyn omfattar då:

- følgje med på kommunens økonomistyring og budsjett disiplin gjennom året via orientering om kommunens tertialrapporter,
- følgje opp revisors merknader til rekneskap og internkontroll,
- tilsyn med revisor/følgje med i revisor sitt arbeid.

Dette blir gjort via revisors rapportering i forbindelse med årsoppgjeret, skriftleg uttale om kommunens økonomiforvaltning («forenkla etterlevingskontroll») og under orientering om planlegging av kommande revisjonsår.

### 4.2 Forvaltningsrevisjon 2022

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i tråd med vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024. Kontrollutvalet vil bestille prosjekt for levering i 2022 med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, samt tildelte budsjettmidlar:

- Forvaltningsrevisjon av styring og kontroll med investeringsprosjekt (tinging 24.02.22)

Kontrollutvalet vil også følgje opp kommunestyrets vedtak til handsama rapporter ca. 6 – 12 månadar etter handsaming i kommunestyret. For 2022 gjeld det følgjande forvaltningsrevisjonsrapport som ble vedtatt i kommunestyret 14.12.21:

- Forvaltningsrevisjonsrapport «Kritisk kompetanse» (hausten 2022)

Kontroll av kommunalt heileide selskap er ein sjølvstendig del av forvaltningsrevisjonen. Det er ingen gjennomførte eigarskapskontroller (tidlegare selskapskontroller) som ikkje er følgt opp.

Kontrollutvalet vil også følge med i kommunedirektørens arbeid med utarbeiding og behandling/oppfølging av eigarstrategi.



Utvalet vil oppdatere planen for orienteringar i fyrste møte i 2022.

Rapport frå gjennomført forvaltningsrevisjon vert oversendt kommunestyret for sluttbehandling. Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker som omhandlar forvaltningsrevisjon. Ved oppfølging av kommunestyrets vedtak til handsama rapporter vert desse vidaresendt som sak til kommunestyret når oppfølgingssak er handsama i kontrollutvalet.

### **4.3 Plan for forvaltningsrevisjon**

Kommunelovens § 23 pålegg kontrollutvalet å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon for kvar valperiode. Planen skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunens selskap. Det vil også bli bedt om innspel om prosjekter frå kommuneadministrasjonen, det politiske miljøet, revisor og sekretariatet. Planen skal vere vedtatt seinast innan utgangen av året etter at valet har funnet sted. Suldal kommunestyre vedtok den endelige versjonen av Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 i sitt møte 22.09.20.

### **4.4 Budsjett for kommunens kontrollarbeid**

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Budsjettet omfattar kontrollutvalet sin eigen aktivitet, kjøp av administrasjons/sekretariatstenester og kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalets framlegg til budsjett for kontrollarbeidet skal utarbeidast av kontrollutvalet sjølv, og det er bare kontrollutvalet som kan gjøre endringar i utvalets framlegg forut for den politiske budsjetthandsaminga. Kontrollutvalet opptre på vegne av kommunestyret og er direkte underordna kommunestyret. Det er derfor viktig for kommunestyret å vere kjent med kontrollutvalets vurdering av det økonomiske behovet for kontroll- og tilsynsarbeidet. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg skal følgje formannskapet si innstilling og kan ikkje endrast av administrasjonen.

Kontrollutvalets oppgåver på området er:

- utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet komande år,
- følgje opp budsjett for inneverande år.

Budsjett for kjøp av tenester til revisjon og sekretariat vert utarbeida og vedtatt av representantskapet i Rogaland Revisjon IKS og representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

### **4.5 Andre oppgåver for utvalet**

Ut over planlagde oppgåver vil kontrollutvalet også ta opp saker som måtte dukke opp undervegs i året og som er relevante for kontrollarbeidet.

Andre faste oppgåver som kontrollutvalet har planlagt er orienteringar om de kommunale tenestene. Mål for dette er god kjennskap til kommunens administrasjon og/eller selskapa, og bidra til god kommunikasjon og dialog.

På alle møta i kontrollutvalet vert også desse faste sakene/punkta sett opp:

- Godkjenning av protokoll frå sist møte
- Statusoversikt om kontrollutvalssaker
- Referat-/meldingssaker
- Eventuelt

Suldal, februar 2022

Tormod Skeie  
kontrollutvalsleiar

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 24.02.22 | 06/22      |
| Kommunestyret   |          |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033        |           |

## KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2021

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2021 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

### Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2021 frå kontrollutvalet til orientering.

**Saksvedlegg:** framlegg til årsmelding for 2021

### Saksorientering:

I følge kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2021 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2021 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan en total oversikt over alle saker til handsaming.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 17.02.22

Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

# KONTROLLUTVALET I SULDAL



---

**ÅRSMELDING**

---

**2021**

---

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta, og handsama i 2021.

I følgje kommunelova § 23-5 skal **"kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret"**.

---

## 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen og selskap som kommunen eig eller er deleigar i gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstilling til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

---

## 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

### Faste medlemmer

Leiar Tormod Skeie (SV)  
 Nestleiar Henrik Halsne (Ap)  
 Medlem Ragnhild Sukka (V)  
 Medlem Eldbjørg Sivertsen (Uavh)  
 Medlem Per Gudmund Øxtra (Sp)

### Varamedlemmer:

1. Dag Fisketjøn (V)  
 2. Astrid Brommeland (Sp)

Per Gudmund Øxtra er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har vore tilstade på eit møte i 2021. Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Ho, eller andre frå administrasjonen har delteke på alle fire møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider ([www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

---

### 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2021

---

Kontrollutvalet har i 2021 hatt **4** (4) møte fordelt på to møte første halvår og to møte andre halvår. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held møta på rådhuset.

Utvalet har hatt **25** (27) saker til handsaming, kor **6** (6) saker blei oversendt til kommunestyret. 39 (42) saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På dei digitale konferansane i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i april og Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni var det ingen frå Suldal som deltok. På dagskonferansen i Sandnes for kontrollutval i Rogaland i desember deltok leiar.

---

### 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

---

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

#### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk (GKR) og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 29.04.21, sak 10/21 kommunen sin årsrekneskap for 2020 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 6,9 mill.kr.

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 32,9 mill. kr, som utgjer 5,7 % av driftsinntektene.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

## 4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 blei utarbeida i 2020, og var basert på ein Risiko- og vesentleganalyse. Kommunestyret vedtok den nye planen, etter innstilling frå kontrollutvalet, i møtet 22.09.20, sak 65/20.

I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

- Miljøtenesta (2021) – (Psykisk helsehjelp)
- Kritisk kompetanse (2021)
- Førebygging og tidlig innsats (2021)
- Styring og kontroll med investeringsprosjekt (2022)
- Forbetring og effektivisering (2022)
- Legetenesta og legevakta (2023)
- Integrering av flyktningar (2023)

Rapport om «Psykisk helsehjelp» blei lagt fram for kontrollutvalet i februar og kommunestyret 23.03.21, sak 21/21. Revisor hadde peika på fleire forbetringpunkt, som var sett opp i sju tilrådingar. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til ni månader. Tilbakemelding blei handsama hausten 2021.

Rapport om «Kritisk kompetanse» blei lagt fram for kontrollutvalet i november og kommunestyret 14.12.21, sak 112/21. Revisor hadde peika på fleire forbetringpunkt, som var sett opp i tri tilrådingar. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til seks månader. Tilbakemelding er venta hausten 2022.

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Psykisk helsehjelp» blei lagt fram for kontrollutvalet i november og kommunestyret 14.12.21, sak 13/21. Kommunestyret tok kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering. Kontrollutvalet har bede om ei ny oppfølging i november 2022.

Kontrollutvalet valde i novembermøtet «Styring og kontroll med investeringsprosjekt» som nytt prosjekt for levering i 2022.



### 4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av si eigarskapskontroll. Planen for eigarskapskontroll 2020-2024 blei vedtatt av kommunestyret i møte 22.09.20, sak 65/20. I planen er IVAR IKS prioritert prosjekt.

Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2021.

### 4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Suldal kommune blei fullverdig eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.01.17.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor var i 2021 Tore Kristensen med kontor i Stavanger.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har møtt ein eller fleire revisorar frå Rogaland Revisjon IKS på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapportar frå forvaltnings-revisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet har handsama revisor si eigenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

### 4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påse ....at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt, ifølgje ny kommunelov, å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette er omtalt som ei ny oppgåve for revisor, kalla i § 24-9 «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon IKS kom med si uttale for rekneskapsåret 2020 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen, og attestasjonen var utan atterhald eller merknader.

### 4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

I februarmøtet svara kommunedirektøren på spørsmål frå utvalet om barnevernet. Ordføraren orienterte om heimfall Røldal Suldal Kraft i septembermøtet.

Utvalet vedtok ein plan for orienteringar frå administrasjonen i mai 2020. Denne planen har blitt følgt opp i 2021.

Kommunekasseraren orienterte i februarmøtet. I april orienterte personalsjefen om sitt ansvarsområde. Kommunalsjef for oppvekst orienterte i september. Leiar for organisasjon og innbyggarkontakt orienterte i november.

---

## 5 BUDSJETT/REKNESKAP - KONTROLLARBEIDET

---

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2021.

| TENESTE 1100                  | REKNESKAP<br>2020 | BUDSJETT<br>2021 (utvalet) | REKNESKAP<br>2021 |
|-------------------------------|-------------------|----------------------------|-------------------|
| Godtgjersle og driftsutgifter | 156 886           | 221 800                    | 98 142            |
| Revisjonstenester             | 932 280           | 855 000                    | 734 720           |
| Sekretariatstenester          | 183 000           | 189 200                    | 189 200           |
| Sum utgifter (eks. mva.)      | <b>1 272 166</b>  | <b>1 266 000</b>           | <b>1 022 062</b>  |

Kontrollutvalet handsama hausten 2021 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet for 2022. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 356 400. Framlegget vart sendt til kommunestyret for handsaming.

---

## 6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

---

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 17 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2021, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider der mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagde ut fortløpande.

For valperioden 2019 - 2023 er Gerd Helen Bø valt som medlem i representantskapet med 1. vara Øyvind Lovra Tveitane og 2. vara Øyvind Valen. Ordføraren deltok på det digitale representantskapsmøtet 26.04.21.

---

## 7. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2021 har vore som planlagt. Det har blitt utarbeida og presenterte to forvaltningsrevisjonsrapport.

Undersøkingane om «Psykisk helsehjelp» og «Kritisk kompetanse» har vist at kommunen har forbettringspotensiale. Utvalet har også handsaming oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp». Neste prosjekt er valt og vil omhandle kommunen si styring og kontroll med investeringsprosjekt.

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunen sin økonomiske situasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

\*\*\*\*

Sand, 24. februar 2022

Eldbjørg Sivertsen

Tormod Skeie  
Leiar

Ragnhild Sukka

Per Gudmund Øxtra

Henrik Halsne

## VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2021

### Saker til handsaming:

- 01/21 Godkjenning av protokoll frå møte 12.11.20
- 02/21 Referat- og orienteringssaker 11.02.21
- 03/21 Orientering frå administrasjonen
- 04/21 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Psykisk helsehjelp»
- 05/21 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Kritisk kompetanse»
- 06/21 Årsmelding for kontrollutvalet 2020
  
- 07/21 Godkjenning av protokoll frå møte 11.02.21
- 08/21 Referat- og orienteringssaker 29.04.21
- 09/21 Orientering frå administrasjonen – personalsjef
- 10/21 Uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2020
- 11/21 Forenkla etterlevingskontroll for rekneskapsåret 2020 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga
  
- 12/21 Godkjenning av protokoll frå møte 29.04.21
- 13/21 Referat- og orienteringssaker 14.09.21
- 14/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef oppvekst
- 15/21 Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde
- 16/21 Revisor si egenerklæring for 2021
- 17/21 Orientering om revisjonsplan for rekneskapsåret 2021
- 18/21 Budsjett for 2022 - kontrollarbeidet i kommunen
  
- 19/21 Godkjenning av protokoll frå møte 14.09.21
- 20/21 Referat- og orienteringssaker 04.11.21
- 21/21 Orientering frå administrasjonen – leiar for Organisasjon og innbyggarkontakt
- 22/21 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Psykisk helsehjelp»
- 23/21 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Kritisk kompetanse»
- 24/21 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 25/21 Framlegg til møteplan for 2022

### Saker til orientering:

1. Spørsmål om barnevernet v/kommunedirektøren
2. Rapport frå tilsyn med Indre Ryfylke Barnevern sitt arbeid med undersøkingssaker – Fylkesmannen i Rogaland 04.12.17
3. Avslutning av tilsyn med barneverntenesta i Indre Ryfylke – Fylkesmannen i Rogaland 27.01.20
4. Jule- og nyttårsbrev til ordførar – kopi til kontrollutvalet – frå Gerd Kristin Høivik
5. Kopi av svarbrev til Gerd Kristin Høivik – frå ordførar, dagsett 15.01.21
6. Forlik i Suldal Bad-konflikten – Suldalsposten 29.01.21
7. Statusoversyn pr. februar 2021
8. Oversyn over kostnadane til kontroll og revisjon 2020
9. Perioderapportering pr. 31.12.20 frå Rogaland Revisjon
10. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS – 13.11.20

11. Kronikk i Kommunal rapport 15.12.20 – Kommunale kontrollutval – lokaldemokratiets vaktbikkje
12. Statusoversyn pr. april 2021
13. KST-vedtak 23.03.21, sak 21/21 – rapport «Psykisk helsehjelp»
14. Brev frå «Borger i Rogaland», dagsett 14.03.21
15. Kommenterar til «Anonymt brev med udokumenterte påstander» frå ordførar og
  - a. leiar i LMT-utvalet
16. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland brann og redning IKS
17. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
18. Representantskapsmøte 27.04.21 – IKA Rogaland IKS
19. Generalforsamling 30.04.21 – Haugaland Kraft AS
20. Invitasjon til digital FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021
21. Brev vedk. Norsk Stein frå Nora Haaland Seringstad med fleire (totalt 17 personar)
22. E-post frå Bjørn-Arild Andersen til utvalsleiar vedk. mangel på svar frå kommunen
23. Statusoversyn pr. september 2021
24. Perioderapportering pr. 31.07.21 frå Rogaland Revisjon IKS
25. «Klimarapportering» - tilbakemelding frå Rogaland Revisjon IKS, dagsett 04.07.21
26. «Heimfall Røldal Suldal Kraft» brev frå Oddvin Marvik, dagsett 26.05.21
27. Førebels svarbrev til Oddvin Marvik, 22.06.21
28. E-post frå Bjørn-Arild Andersen 06.08.21 vedk. Norsk Stein AS
29. Brev frå Nora Haaland Serigstad og Simen Bie Malde 01.09.21 vedk. Norsk Stein AS
30. E-post frå Bernt Jarle Vatland 05.09.21 vedk. løyving til WindWorks-prosjektet
31. Krisesenter Vest IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.06.21
32. Haugaland brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 24.08.21
33. FKT-medlemsinformasjon juni 2021
34. Statusoversyn pr. november 2021
35. «Bekymring» - e-post frå Astrid Kvæstad 12.10.21
36. Evaluering av vertskommunesamarbeid om barnevern og PPT – rapport utarbeida av Telemarksforsking i 2021
37. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 12.11.21
38. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvalgene i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
39. FKT-medlemsinformasjon september 2021